



Det har vore oppdaga luseplager på skulen den siste tida. Difor oppmodar me sterkt at de som foreldre sjekkar barna dykkar. Viktig å kjemme (lenge nok) med ein lusekam, sjekke om det er lus/egg og event. behandle med lusekur.

Me oppmodar om felles innsats denne veka og vekene framover, der heimane tek lusesjekk.

Ta kontakt med helsesyter om de lurer på noko!

Mvh

Henny Haugane, helsesyster

Hilde Holte Selland, rektor

---

**Årsak:**

- Hovudlus førekjem oftast i einskild tilfeller, men av og til i avgrensa epidemiar i skular og barnehagar.
- Smitten skjer oftast andre stader, og blir oppdaga på skulen / barnehagen.
- Smittar ved direkte kontakt frå hovud til hovud, f.eks. v/klem, av og til kan dei smitte via luer eller kam. Lus kan ikkje hoppe eller fly.

**Inkubasjonstid:**

- 2-4 mnd. (frå smittetidspunktet til ein byrjar å klø).
- Levetid 20 - 40 dagar.

**Symptom:**

- Kløe, som er ein slags allergisk reaksjon på stikka og kan komme ei god stund etter smitten. Sjølv lusa er vanskeleg å finne, lettast å finne er eggja som den legg ved hårrota. Hår veks ca 1 cm i månaden.

**Behandling:**

- Lusemiddel + fin kam (egg). Følgjer med bruksanvisning.
- Hovudplagg og sengetøy vaskast ved 60 grader, evt. Ligge 4 timer i djupfrysar.
- Reingjer børstar og kammer.
- Aukar ein innetemperaturen til vel 23 grader i 2 døgn vil og lusa bli drepen.

Lusemiddel: Forskjellige mogelegheit, spør på apoteket. Preparatet er reseptfritt.

Massebehandling er sjeldan naudsynt, men foreldre undersøker barna regelmessig i 3-4 mnd. (+evt. andre familiemedlemmer).

Dei tilsette undersøker seg sjølv.

Berre dei som ein er sikker på er smitta, treng behandling

Gravide og små barn må konferere lege.

**Vidare kontroll:**

- På skular og barnehagar bør alle barn kontrollerast anna kvar veke i ein månad frå siste lusebehandling. Dette må foreldra gjere sjølv.

**Brosjyre:**

- "Lus og skabb m/info" (Apoteket)